



Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2521 - 18/24866

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
26.11.2018

Godkjenning- tilkopling av bustad til kommunalt vatn GBNR 40/1

Administrativt vedtak. Saknr: 318/2018

Tiltakshavar: Karstein Furuskjæg
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS
Søknadstype: Godkjenning etter plan - og bygningslova § 20 – 1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 29.10.2018, søkt om tilkopling til kommunalt vatn for bustad på gbnr 40/1 i Meland.
Tilkopling til kommunalt vassverk skal skje via eksisterande felles privat vassleidning i kummen på eigedommen Gbnr 40/1.

Plassering

Plassering av kum og tilkoplingspunktet er vist i situasjonskart mottatt 29.10.18, datert 24.08.17.

Nabovarsel:

Tiltaket vart ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21 - 3 .
Det er ikkje naudsynt med varsling i saka då naboar vert ikkje råka.

Vurdering:

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2521

Vedtak

*«Meland kommune godkjenner vidare at bustad på gbnr 40/1 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 29.10.2018 på følgjande vilkår:
- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og*

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

leveringsavtale.

- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.

- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.

- Tilknytninga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknytninga er utført.

- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Faktura på tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell løyvet bort.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilkopling til vatn GBNR 40/1

Søknad om tilkobling vatn GBNR 40/1

Kopi til:

Karstein Emil Furuskjeg

Fureskjeggvegen 7 5919

Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG